



BORGEN ADVOKATAR AS AVD HUSNES v/Karl Øivind  
Kristiansen  
Postboks 84

5480 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vilde Røyrvik Grøtte	473 56 236	2026/3451-2		27.05.2026

## Manglar ved søknad om reseksjonering - 145/447

Viser til dykkar søknad om reseksjonering av eigedom 145/447. Reseksjoneringa gjeld endring av tilleggsareal til seksjonane 2, 7, 8, 9 og 10, samt at seksjonane 11, 12 og 13 utgår og blir tilleggsareal til seksjon 7 og 10. Alle endringar skjer i 4 etasje.

### Viser til punkt i søknadsskjema:

#### Punkt 3 og punkt 11:

Same eigar på seksjon 10 og 12.

Same eigarar på seksjon 7 og 11.

Same eigar på seksjon 2 og 13.

#### Dette må komma fram i punkt 3 og 11.

Eigarane av seksjon 8 må signera søknaden, feil eigar i søknadsskjema.

#### Punkt 5:

Det må gå tydelegare fram kva endringar som skjer, t.d.:

Alle endringar skjer i 4 etasje. Det gjeld endringar i fordeling av tilleggsareal. Det skjer ingen endringar i fellesareal.

- Tilleggsarealet til seksjon 2 overføres til seksjon 9
- Tilleggsarealet til seksjon 7 overføres til seksjon 2
- Tilleggsarealet til Seksjon 10 overføres til seksjon 7
- Tilleggsarealet til seksjon 9 overføres til seksjon 8
- Seksjon 11 utgår og blir tilleggsareal til seksjon 7
- Seksjon 12 og seksjon 13 utgår og blir tilleggsareal til seksjon 10

#### Punkt 12 i søknadsskjema må fyllast ut.

**Andre manglar:**

1. Det er tinglyst pant på seksjon 12 og 13. Desse seksjonane kan ikkje utgå og bli tilleggsareal utan samtykke frå panthavar. Seksjonane kan ikkje utgå dersom dei har tinglyst pant. Jf. eierseksjonslova § 21 tredje ledd.
2. Panthavar må og samtykka i dei tilfella seksjonen vert endra. Dette gjeld seksjonane 2, 7, 8, 9 og 10.
3. Søknad om reseksjonering lyt koma frå styret, eventuelt frå advokat med fullmakt frå styret. Jf. eierseksjonslova § 21 fyrste ledd.
4. Eigarbrøken vert endra for alle seksjonane – den går frå 1/13 til 1/10. Når eigarbrøken vert endra for alle seksjonane, inneber dette ei endring av rettstillinga til alle seksjonseigarane, og alle lyt difor samtykka til reseksjoneringa. Jf. § 51 bokstav d i eierseksjonslova.
5. Årsmøte må samtykka til reseksjoneringa, grunna reseksjoneringa inneber ei endring av sameigebrøken i sameiget. Jf. § 49 i eierseksjonslova.
6. Skal vedtektene endrast slik at dei er i samsvar med reseksjoneringa? Og ønskjer de at desse skal tinglysast?

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Vilde Røyrvik Grøtte – vilde.royrvik.grotte@kvinnherad.kommune.no

*Saksbehandlar geodata*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*